



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:

15.12.2020

Vår ref:

2020/18017

Dykkar dato:

26.11.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - Eidsnes næringsområde - reguleringsplan - forenkla prosess

Vi viser til brev frå kommunen datert 25.11.2020. Saka gjeld søknad om mindre endring av reguleringsplan for Eidsnes næringsområde med forenkla prosess.

Endringa gjeld hamneformåla f\_H2 og f\_H3 i gjeldande Reguleringsplan. I tillegg er feltkodar (i kart/kartblad 1 og føresegn) oppdatert jf. gjeldande teiknereglar.

### Hensikta med endringane

Næringsområdet er under utbygging og det er etablert tømmerkai innanfor arealformålet H1. Det er i samband med etablering av kai og pre-analyser av havbotn ved f\_H2 og f\_H3 funne at djupneforhold nærmast land er uhensiktsmessig grunne. For å oppnå tilfredsstillende djupne for inn- og utskiping må det gjennomførast omfattande inngrep og utsprenging i undersjøisk terregn.

Forslagsstilla ynskjer heller å utvide kaiarealet innanfor f\_H2 og f\_H3, og å flytte kaifronten lenger ut i sjø til betre djupneforhold for slik å redusere omfang av terrenginngrep i sjøbotn. Ny avgrensing av kai/hamneformålet vil framleis være godt innanfor eksisterande planområde, men arealformålet f\_HS Hamneområde i sjø vert redusert i omfang.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Når ein skal endre ein plan med enkel prosess skal endringane i liten grad påverka gjennomføringa av planen elles, dei kan ikkje gå utover hovudrammene i planen og skal heller ikkje påverke omsyn til viktige natur og friluftsområde jf. pbl. § 12-14 andre ledd.

Før ein kan endre ein plan med enkel prosess må kommunen konkret vurdere om desse krava er oppfylt. I den konkrete vurderinga må det mellom anna takast omsyn til kva tiltak det gjeld og kva interesser som vert råka. Dersom det gjelder tiltak i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser som gir grunnlag for motsegn, vil det heller ikkje vere aktuelt å gjennomføre endringa etter den enklare prosessen jf. Prop. 149 L (2015-2016).


Fylkesmannen har vanskeleg for å sjå at denne planendringa kan gjerast som ein endring med forenkla prosess. Planendringane inneber ei utviding av bygd areal ut i sjø med 6724 m<sup>2</sup>. Planformål



hamn opnar for opplagring, parkering, tekniske installasjonar og bygningar knytt til hamneverksemda, utan at det er sett nokon grenser for byggjehøgde eller utnyttingsgrad. I tillegg vert areal for pir utvida tilsvarende i vestlege ende av f\_SH3. Etter det vi kan sjå vil piren gå utanfor planområdet.

Piren er også svært mangelfullt vurdert i vedtatt plan. Vi kan ikke sjå at piren sin verknad på verken landskap, friluftsliv eller naturmangfald i sjø er vurdert i planskildringa. Det er heller ikke sett vilkår om korleis han skal byggast. Ein pir på 20 x 100 meter burde også vore kartfesta i plankartet. Piren er heller ikke med i illustrasjon som skal vise manøvreringsplass i hamneområde i sjø.

Fylkesmannen hadde motsegn til reguleringsplanen då han var til offentleg ettersyn mellom anna fordi strandsoneinteressene ikkje var godt nok ivaretatt. Kaien vart etter dette redusert noko i aust. Kaien er no vesentleg utvida mot sør. Det vert vurdert at endringane er i samsvar med landskapsanalysen som vart utarbeida i 2012. Vi kan ikkje sjå at dette er riktig. Gjeldande plan utfordrar allereie tilrådinga i landskapsanalysen på fleire punkt. Vi kan ikkje sjå at det er i samsvar med landskapsanalysen å utvide mot sør.



Planforslaget legg opp til omfattende utfylling i sjø rett ved gyteområde for torsk. Naturmangfold i sjø er i liten grad omtalt verken i forslag til endring eller i vedtatt reguleringsplan. Verknad for naturmangfold i sjø er uklar, og vi kan ikke uten vidare tilrå ei omfattende utfylling i sjø.

Fylkesmannen meiner planforslaget er omfattande og rører ved både strandsoneinteresser og naturmangfold i sjø. Vi meiner endringane kan danne grunnlag for motsegn, og kan ikkje sjå at denne endringa kan gjerast med forenkla prosess.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN